

## Tabell 2-fk

### **Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2020 (kap. 572, post 60)**

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at saker med særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 14 i tabell C-fk). Deretter blir rammetilskotet fordelt om mellom fylkeskommunane gjennom utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og overgangsordninga.

Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde fylkeskommune vil derfor ikkje vere klar før i februar 2021. Utgiftsutjamninga og skatteutjamninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øymerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2020 er viste i innleiinga og er omtalt nærare i Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamninga, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2019. Skatteutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2020.

### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling**

Kolonne 1 viser løyving på kap. 572, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er i underkant av 35,8 mrd. kroner. Av dette blir om lag 4,0 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle fylkeskommunane. For 2020 er innbyggjartilskotet før omfordeling (ekskl. saker med særskild fordeling i tabell C) 5 933 kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 2 – Utgiftsutjamning**

Kolonne 2 viser omfordelinga i utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærare i tabell A-fk.

### **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling**

Kolonne 3 viser summen av dei 13 sakene med særskild fordeling i 2020. Fordelinga som kjem fram i kolonnen er nærare dokumentert i tabell C-fk.

### **Kolonne 4 – Overgangsordning**

Kolonne 4 viser overgangsordninga. Fylkeskommunar som får redusert rammetilskotet som følge av endringane i inntektssystemet i 2020, får att 3/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2020. Fylkeskommunar som får auka rammetilskot etter endringane, får

redusert auken med 3/4 i 2020. Sjå tabell B-fk for nærare dokumentasjon av overgangsordninga.

### **Kolonne 5 – Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning**

Kolonne 5 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2020, i alt 35,762 mrd. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, sakene med særskild fordeling og overgangsordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 4. Kolonnen er òg vist i tabell 1-fk, kolonne 1.